

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 4

April 1971

7. årgang

Ert du rede?

Mel.: Om jeg eide alt, men ikke Jesus

Kjære broder, søster er du rede
du som har satt himlen som ditt mål.
Satan alltid listig er tilstede,
blander løgn i Guds ords sannhets skål.
Derfor du som han har fått bedraget
tror seg ennå være Jesu brud.
Men engang forsent det blir oppdaget
at den sjel var uten bryllupsskrud.

Er du frelst så må du også vite
om i sannhet du er født på ny.
En gang omvendt se det er forlite.
Nei i dag om Jesus kom i sky.
Intet hjelper hva du før har været
om du ei i denne stund er klar.
Kanskje er din olje helt fortærret.
Undersøk din frelsessak, vær snar.

Er du barn så må du og erfare
at du barnekårets ånd har fått.
Eller er du blant den trelleskare
som går bort til evig gru og gråt.
Kan du Åndens frukter hos deg finne.
Fred med Gud ved nådens ord og ånd.
Gud din far tross bare synd derinne.
Kan du merke bror og søster hånd.

Er det daglig mat for deg å høre
om din synd og frelse ved Guds lam.
Eller er det fremmed for ditt øre
at ved det Gud tenner troens brann.
Da det spørres om du selv har livet
og det budskap Gud til sine gir.
Er din bryllupsdrakt av Gud deg givet
da du alltid kledd i Kristus blir.

Kristoffer Høie.

Ufortent — av nåde

Desse orda har tont for meg heile denne julehelga. Ja, det er ufortent — ufortent at eg får vera Guds barn i Jesus. «Men så el- ska Gud verda, at han gav son sin» (Johs. 3, 16). Verda, det er meg og deg det. Det er for meg som er så full av synd, «kun en eneste masse av synd». Kan eg verkeleg

tru at dette gjeld meg? Ja, takk og pris det var for meg — og for deg, ufortent! Han tok all mi synd og skam på seg. Han vart rekna millom brotsmenner for mi skuld (Esa. 53). Han døydde for meg, men hør det som meir er, han sto opp att! «Kristus er den som har døydt, ja, meir enn det, som og har

stade opp att - » (Rom. 8, 34). Han lever for meg, at eg skal få leva i han og ved han. (Rom. 6, 5—6).

Når eg les dette tek eg til å ana noko — dette med Jesus. Når lova, mitt eige kjøt og andre menneske fordømmer meg, då har eg Jesus. Han er mi rettferd framfor Gud. Han er min redning ! Når alt synest så vondt og meiningslaust, med splid og strid, då har eg Ordet. Guds eige, levande ord (Esa. 54, 10). Når du held på å tyngjest ned av sut for børna dine, kor skal dei stå seg i denne vonde verda? Då står Jesus der og spør : «Kva vil du eg skal gjera for deg»? (Luk. 18, 41). Så vil Jesus leia dei og. Er ikkje det nåde over nåde ! Eg som er den ringaste av ringe har Jesus slik omsut for.

Takk, takk Jesus for at eg får reinsing i ditt

blod frå alle mine synder ! Eg er Jesu dyrkjøpte brud. Når eg får kvila i dette frelsesverket, då kan eg av hjarta syngja : «Din O Jesus, din å vere, er min lyst og *all min ære*». Då blir det ein trøng inne i meg til å fortelja andre om dette med Jesus, om hans nåde og kjærleik til oss som lever idag. Fortelja kor rik eg er, eg som har Jesus, at han er nok.

Får du leva i dette og kvila i dette, kjærvan? Eller er du byrja å lytta til det dei andre seier, istaden for å sjå i Ordet kva Jesus seier der? Er du byrja missa synet på Jesus, då vil eg be deg gjera som den blinde mannen som ropa : «Davids son gjær sælebot på meg ! Herre lat meg få att synet mitt !» (Luk. 18, 38-41).

Elna Augestad.

Se på Kristus

Du klager så mye over deg selv. Men tvin ger din elendighet deg til mer å se på Kristus og mindre på deg selv, er det rett fatt med deg. Ellers er dine klagesanger bare hykleri.

Usselt og jammerlig er det at en skryter av sine gode gjerninger, nådekjensler og den hjertetrøst en erfarer når en bare burde se på Jesus. Slikt skryt gjør deg bare stolt. Men å se på Kristi nåde, det ydmyker deg «For av nåde er I frelst ved tro, og det ikke av eder selv, det er Guds gave,» heter det i Efes. 2, 8.

Under alle dine fristelser og anfektelser må du ikke bli motlös (Jak. 1, 2). Gud vil ikke at du skal drukne i disse bølger, men bare bli løftet bort fra deg selv opp på klippen Kristus.

Du kan bli ført så dypt ned at du ser du ligger på randen av helvete og er på nippet

til å bli styrtet ned i det. Men du kan ikke bli ført dypere enn til helvetes gap. Hvor mange heilige har ikke vært der og blitt ille medfarne av Satan ! Men endog der får du lov å rope til Herren og se opp til hans heilige tempel (Jonas 2, 4—5).

I Jerusalems tempel fikk ingen gå inn som ikke var renset og hadde med seg et offer. (Ap.gj. 21-26 og 4. Moseb. 6, 2. 13-18). I det templet som var bygd med hender, fikk bare de rene gå inn. For hver og en måtte man bære fram et offer. Men nå er Kristus vårt tempel, vårt offer, vårt alter og vår yppersteprest, som ingen andre enn fattige syndere får nærme seg og ikke med noe annet offer enn det blod som han en gang for alle har utgytt for oss (Hebr. 7, 24-26. 4, 15-16. 10, 19-22).

Tenk på alle dem i himmelen som har fullført løpet — ved Guds nåde alene ! Du ten-

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord
Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. n  m og adr. Blir halde opp med friviljige g  ver

*Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon :*Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69Kass. Sverre B  hn, Norheimsund
postgiro nr. 68213Bankgiro : Vik  y Sparebank,
Norheimsund 3530.07.09492*S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord*

ker vel : hvilket stort n  dens minnesmerke ble jeg ikke da ! Men jeg svarer : Tenk etter hvordan du og blant de mange tusen kan bli et lite herlig n  dens underverk ! Den st  rste synder har jo aldri v  rt for stor for Kristi n  de.

Mist ikke motet, men sett ditt h  p til Gud og din frelser ! Ogs   da n  r skyene er m  rkest, se p   Kristus, han som er opphoyd til himmelen for at alle fattige syndere stadig skal vende øynene mot ham ! Satan og din samvittighet kan laste deg s   mye de vil. Kristus skal ha det siste ordet. Han er jo en dommer over levende og d  de, og bare han har rett til ´treffe den avgj  relse som kan ordne din forvirrede sak. Hans pi  d taler bare om forsoning, alt er fullbrakt (Kol. 1, 20). Det samme blod renser oss (I. Johs. 1, 7. Hebr. 9, 13-14). det er l  sepenger og forl  sing (Ap.gj. 20, 28. 1. Pet. 1, 19). rettferdigj  relsen (Rom. 5, 9). det gir oss adgang til Gud (Efes. 2, 13). Ikke en dr  pe av dette blod er utgytt f  fengt.

St   stille og h  r hva Herren taler : «For

han taler fred til sitt folk og sine fromme — bare de ikke vender tilbake til d  rskap» (Salme 855,9). Han tilsier n  de, barmhjertighet og fred (2. Tim. 1, 2). Dette er Faderens og Kristi spr  k :

Se p   Kristus !

Vent med inderlig lengsel og b  nn p   Kristi   penbaring som p   morgenstjernen ! (Johs.   p. 22, 16). Han skal viselig tre fram som en fager morgenr  de og som et regn som v  ter jorden (Hos. 6, 3. 2. Pet. 1, 19). Like s   lite som solen kan hindres i ´g   opp, likes   lite kan Kristus, rettferdighetens sol (Malak. 4, 2) hindres ´bestr  le og varme opp ditt kalde hjerte. Se ikke et øyeblikk bort fra Kristus ! Om du i din sorg over synden ikke ser p   Kristus, da er din sorg nytel   (Sak. 12, 10). I alle dine gj  rem  l og f  r du gj  r noe — se p   Kristus, og du har forlatelse. Se p   Kristus, slik at du kan fullbyrde ditt arbeide, og det kan behage ham. Gj  r du ikke det, handler du kj  delig og lettsindig.

Gj  r ikke lov av evangelium, som om det enn   sto noe igjen for deg ´gj  re og lide og Kristus bare halvveis var midler, s   at du enn   m  tte dra p   en del av dine synder og b  te for dem. Visst m   du la synden s  nderknuse ditt hjerte, men la den ikke sl   ned ditt h  p til evangeliet.

Se her mer p   rettferdigj  relsen enn p   helliggj  relsen ! Gj  r i de viktigste budene av Kristus ingen Moses, som bare truer og fordrer, men se p   Kristus som en l  ftets mann og en borgmann som har p  tatt seg ´utf  re gjerningen ! Har du sett mer p   dine egne gjerninger, plikter, dyder og slikt enn p   Kristi fortjeneste, s   f  r du betale dyrt for det. Er det vel noe rart at du alltid klag  r ? Kristi fortjeneste b  r alene uten d  m v  re grunnen til ditt h  p som du kan holde deg til og hvile p  . Kristus alene er v  rt herlighetsh  p (Kol. 1, 27).

N  r vi trer fram for Gud, m   vi ikke ha noe

annet enn Kristus. Hva vi så gjør av oss selv for å bli verdige, er en gift som forderves troen. Den som bygger på gode gjerninger, nådegaver, nådeserfaringer og den slags, han kjenner ikke Kristi fortjeneste (Jonas 2, 8-9)

Det er dette som gjør troen så vanskelig og fremmed for naturen. Vil du tro rett og holde fram i troen, må du dag for dag lære å holde for tap og skam alle dine fortrinn, din lydighet, dine gode gjerninger, gaver, tårer og følelser som du har kjent i ditt hjerte. Du skal holde deg tett og fast til Kristus, og intet annet.

Hver dag må dine egne gjerninger og egen hjelp bli til intet. Hvert øyeblikk og åndedrag skal du ta alt av Guds hånd. Kristus er Guds gave (Johs. 4, 10). Troen er også en Guds gave (Efes. 2, 8). Likeledes er syndenes forlatelse en nådegave (Rom. 5, 16). Å, hvor larmer, fnyser og raser ikke naturen over at alt er en gave, og at den slett intet kan tilegne seg gjennom tårer og strev, og at alt det en selv gjør, er utelukket og intet verd har i himmelen !

Naturen ville ikke ha overlatt frelsen til Kristus, som gir for intet. Naturen møter Kristi frelse med mistro. Naturen ville ha laget en vei, hvor saligheten kjøpes med gjerninger. Den har avsky for Kristi fortjeneste, fordi den gjør alt dens kram til intet. Naturen vil heller gjøre hva som helst for å bli salig ved det enn å gå til Kristus i tro og ha med ham å gjøre. Kristus vil intet ha, men sjelen prøver av all makt å påtvinge ham noe av sitt eget.

Her står striden. Har du noen gang sett hva Kristus har fortjent og hvor grenseløs stor hans forsoning er, som han vant ved sin død? Det er nåde.

Ingen annen enn en fattig sjel som er i den største nød, kjenner storheten av Kristi fortjeneste (Rom. 55, 20-21). Den som bare

er lite overbevist om sin fordervelse, akter og vurderer lite Kristi blod og fortjeneste.

Forsakte synder !

Du ser deg om til høyre og venstre og sier: Hvem skal vise oss hva godt er? Du krafser i hop og legger sammen hele ditt forråd av gode gjerninger for å stille opp en rettferdighet som du vil frelse deg selv med. Men nå er det tid til å se på Kristus : «Vend eder til meg og bli frelst, alle jordens ender!» (Esa. 45, 21-22). Han er frelseren og ingen annen foruten ham. Se deg om hvor du vil — du er fortapt. Gud ser bare på Kristus. Se heller ikke du på noe annet.

Kristus er blitt opphøyd som kopperormen i ørkenen, så syndere fra alle verdens ender skal se ham. Det svakeste blikk på ham er saliggjørende, den minste berøring av ham helbreder deg (Matt. 9, 21-22)

Gud vil at du skal se på Kristus. Derfor har han satt ham på en høy herlighetstrone, åpenbar for alle arme synderes øyne (Johs. 6, 39, 40). Du har utallige årsaker til å se på ham som Guds lam som borttar dine synder (Johs. 1, 29). og ikke en eneste årsak til å vende blikket fra ham (Rom. 8, 24—35). Han er saktmodig og ydmyk av hjertet (Matt. 11, 29). Han vil selv gjøre alt som han fordrer av dem han har skapt, bære deres skropelighet, ikke være seg selv til behag (Rom. 15, 1-3, 5-7), eller vise til lovens forringer. Han skal med saktmodig ånd etter hjelpe deg til rette og bære dine byrder (Gal. 6, 1-2). Han skal forlate deg, ikke bare syv ganger, men sytti ganger syv ganger (Matt. 18, 21-22). Dette var vanskelig å tro for apostelen Peter. For da det faller tungt for oss mennesker å forlate dem som har syndet mot oss, så tenker vi at Kristus også er likså hard som vi.

Fra «Honningdroper».

Den hemmelige død

Oppklar mine øyne, forat jeg ikke skal sovne inn i døden, ber David i Salme 13, 4. Mange av dere som leser dette er folk som pleier å be til Gud, men bare du selv kan kontrollere din bønn, da de fleste ber i enrom og stillhet. Likner du David, er du redd å sogne inn i døden. Da blir også Davids bønn din bønn. Dette er beviset for at du ikke er død, for der frykten er tilstede, er døden ikke inntrengt. Den som lever i vår tid og ser alle de ting som kan føre til åndelig død, han kan ikke annet enn be slik.

Vi vil da se på noen av de ting som kan føre oss inn i åndelig død. Få tror vel at forkynnelsen kan føre oss i døden, men leser vi Galaterbrevet, ser vi det beste bevis på at det kan hende. I vår tid prøves mange måter for å dra folk til Gud, men jeg frykter for at storparten av dem ender i religiositet uten ånd og liv. Forkynnelse uten ånd og liv kan ikke føre til annet. Til samme sted fører også den forkynnelse vi kaller for høykirkehet og sakramentalisme. Så har vi den forkynnelse vi kaller for svermerisk, som ofte fører inn i falske forhold og derved til døden. Årsaken er at tyngdepunktet eller siktepunktet i forkynnelsen blir lagt på et feil grunnlag.

For de kirkelige blir kirken grunnlaget, for sakramentalistene blir sakramentene grunnlaget, og for svermerne blir det opplevelsen. *Bibelens sanne og rette grunnlag er Kristus, det han har gjort, og det han er.*

I Juda brev v. 12 står om noen som lik vannløse skyer drives av vinden. Det passer vel på slik forkynnelse som er beskrevet ovenfor, for der intet regn væter soden blir det døden. Den forkynnelse som skal føre til liv må ikke bare ha det rette siktepunkt og grunnlag, men den må bæres frem med ånds og krafts bevis.

Hvorledes sjølefjenden arbeider for å føre oss i åndelig død.

I 1. Moseb. 3, 6 leser vi at Eva såg på treet, og det såg fristende og godt ut. Der var nok av frukt i haven, så der var rikelig å leve av. Men ved å se på frukten vaktes begjæret og nyttelsessyken, den ble så sterk at hun tok av frukten og åt av den og gav Adam av den. Dette førte dem i døden, og de ble årsak til andres død.

Kan du se at djevelen bruker de samme midler idag? Vi har også nå rikelig god og nærende mat til å leve av. Men på markedet finnes også en masse nyttlesesmidler som vi godt kunne unnvære, men når vi ser dem, vekkes lusten og begjæret så der blir kjøp. Rusdrakk er et slikt nyttlesesmiddel, som har ført mange i døden. Urene, usedlige og syndige blad og annen litteratur er også midler djevelen har ført mange inn i åndelig død ved. Mange andre kunne nevnes.

Men der finnes jo også mange nyttlesesmidler som brukes uten at det fører en selv i døden, men det kan føre andre i døden. Det kan skje på den måten at pengene blir brukt på slike ting, så der blir forlite til å sende evangeliet ut, til å drive misjon for. På denne måten blir forkynnelsen av evangeliet forsiktig, og mange går i døden uten å få høre det og bli frelst. Dette er djevelen interessert i, derfor vekker han lusten og begjæret så pengene blir brukt til slike unyttige og ofte skadelig ting. Tenk om disse ord kunne vekke de troende som blir dratt ned i dette nyttlesesjaget.

I 1. Moseb. 13, 10 leser vi om en annen måte som kan føre i døden. Der står at Lot såg — hva såg han? Jo, han såg en god plass til å drive forretning. Utenfor Sodoma var mye vann og en god havnegang for kveget, og der var nære og gode omsetningsmu-

ligheter, derfor valgte han denne plass. Men han tenkte ikke over at det var for nær Sodoma. Også i vår tid finnes det mange som har sin forretning eller arbeidsplass for nær Sodoma. Og mange er ført inn i døden av den grunn. I 1. Timot. 6, 9 leser vi : «Men de som vil bli rike, faller i fristelser og snare og mange dårlige og skadelige lyster som senker mennesket ned i undergang og fortapelse. For pengekjærhet er en rot til alt ondt, av lust dertil har somme faret vill fra troen og har gjennomstunget seg selv med mange piner». I vers 11 leser vi : «*Men du Guds menneske fly disse ting!*»! Her ser vi hvor sterkt Bibelen advarer mot pengekjærhet.

«Guds frykt med nøysomhet er en stor vinning.» (1. Timot. 6, 6).

I 2. Samuels bok 11, 2 står det også om en som såg. Det var David som såg på en kvinne som badet. Det førte ham i døden. I vår tid forekommer det meg at mange ikke anser dette for farlig, og de leker med ilden. Det skulle undre meg om ikke der går mange brennemerket i sin samvittighet av den grunn. Du troende ungdom ta deg i vare, for her ligger fristelsen snublende nær. Du vil få bruk for denne bønnen i fadervår : Led meg ikke ut i fristelse, men frels meg fra det onde.

Det står også om en som såg i Salme 73, 3. Det var Asaf, som såg at det gikk de ugud-

lige vel, og dette syn holdt på å dra ham bort fra Gud og inn i døden. Denne fare truer også mange troende i vår tid. De er så oppatt med verden og de ting som er i verden at de blir dratt bort fra helligdommen. Der blir lite syn for - og liten tid til å nære seg med Guds ord, og ennå mindre tid til å oppsøke de helliges samfunn, for derved å styrke sitt åndsliv.

Du som kjenner deg igjen her, gjør som Asaf. Han lot Gud ta seg med inn i helligdommen, der han fikk se alt fra Guds synsstad. Denne helligdommen er for det første Guds ord. Derfor les Guds ord, og hør Guds ord så ofte du kan. Skriften sier : *La Guds ord bo rikelig iblant eder!* Og hold deg i samfunnet av Guds folk, der dere samles om Guds ord og Kristi vitnesbyrd !

Der vil du få det rette syn på synden, verden og verdens fristelser, på de ugodelige, egenrettferdige og ufrelste mennesker, og på deg selv. Men du får også se det som mere er, og det eneste som kan hjelpe deg i fristelsen og gi deg liv, det er Guds frelse og evangelium i Kristus Jesus. Får du se Ham som har greppt deg med sin høyre hånd, da mister du lysten til alt på jorden, og du blir alltid værende hos Ham.» Og når jeg har deg, har jeg ikke lyst til noe på jorden». Salme 73, 23-28.

Slik er helvede

(Omsett etter Dr. F. W. Krummachers bok «*This bitteren Elias*»)

Elisas sagn av Elias.

Elisa såg Elias fare til himmelen med gloende hester og vogner. Ennå ser han det skin klårt langt borte som ei stripe av sølv. Så vert alt borte. Han hører liksom torden langt borte. Den forkynner : Din venn Elias

er komen til dei evige bustader. Elisa ser berre dei svarte skyene, som heng mørke og tunge himmelen. Her og der kjem tauke stjerner fram frå det sundrivne skydekke. Han synest dei vinkar : Gråt ikkje Elisa ! Men i ørkenen vert alt mørkt og grått. Vinden yler

i krattet. Jordan-elva bruser lenger borte. Frå skog og fjell høyrer ein skrik frå natta sine fuglar, og brøl frå de isvoltne rovdyra.

Profeten vert full av mismot. Å, om der berre kom ennå ei vogn, som kunne ta han bort frå denne dødsskuggens og tårenes dal! Ei kjensle av at han er farlaus og framand vil neste sprengje hjarta hans. Gjennom hans indre strøymer ei djup kjensle av lengt — heim til Gud. Den er som ein eld. Han kunne rope som David: «Ve meg, at eg må vera ein framand i Mesek, og bu mellom Kadars teltar.» — I denne kjensla av eit useieleg vemon, måtte han ropa ut: Min far, min far! Og som eit teikn på sorg over at Elias var teken frå han, reiv Elisa sund klærne sine.

Nei, kjære vener, me kan slett ikkje skyna eller kjenna sorga til Elisa. Me har aldri kjent noken som gjekk bort, som var så sakneleg som denne profeten. Då måtte me vore ved Luthers eller Calvins død. Eller stått ved grava til Johan Arnt, Frances eller Bergels grav. Kan henda me der ville forstå klagan frå Israel: «Kruna av vårt hovud er falle og heltane våre er bleikna bort». Når ein av våre kjære, far eller mor, vert tekne bort, då er der sorg. Kor mykje større må ikkje sorga vera når ein stor Guds mann dør. Då vert ikkje berre eit hus tomt, men heile verda. Eit tomrom som ropar til skyene. Slike stunder kjenner mange som ein sus av heimlengt. Og for menigheten — dei frelse — kjennes det som om himmelen var full av syrgjeklokker, som om verda var kledd i mørkt slør. Men minnene lever og lyser over dei som er gått heim til Gud. Som sola speglar seg i vatnet, går ho også opp i det høge. Vårt vemon kan rope med triumf: «Dei er gått føre oss, me kjem etter»! Alt som var stort og herleg i verda, er ikkje borte om auga ikkje ser det meir — ikkje for Guds barn. I himmelens skattkammer ventar det på oss. Der strålar det imot oss i eit klårare skin. — Denne vonfulle tanke kom også til den syrgjande Elisa, og han vart glad i hjarta.

Slik finn også gleda vårt hjarta, når me ennå full av lengt må dra frå øydemarka ved Jordan. Dei gloande vognhjula har liksom alt rørt ved stjernene. Og frå dørstokken til det åpne paradiset lyt me fare attende til kvar-dagens slit og strev. Ver tolmodig, kjære venn. Tida går så fort. Lengsla har sitt mål. Ein gong slår også vår time, ja kanskje snart. Så åpnar Guds evige kjærleik seg for oss som mors fang. Den fulle Guds fred kjem oss i møte.

Men du arme sjel, som ingen heimlengt har.

Du uomvende, som håner blodet og forakter krossen, korleis skal eg syna deg di elendighet? Du vil ikkje smake kor godt det er å lyda Guds lov, og du går etter andre faner enn den frå Golgata. Snart må også du reise — reiser du då mot same mål? Høyr alle djevlar som roper: «Herre Jesus, byd oss ikkje å fare ned i djupet!» Du kjenner til dette.

Menneske, du skal idag få høre korleis det ein gong vil gå deg. Då vil du få sjå dei roma åpne seg, og i dag eller i morgen har kan hende ditt løp slutta der. Men idag går du din veg og ropar fred, endå der ingen fred er. Du seier at der er ingen fære, *men faren er skrekkeleg!* Det veit du ikkje, og du vil ikkje vita det heller.

Når din time slår, kjem ingen engel for å hente deg heim. Inga fredshytte åpnar seg for deg, du får ingen livsens krans om di panne. — Namnet ditt står ikkje i livets bok. Dødsengelen din har ikkje eit vakkert andlet, og målet hans er ikkje sott og lokkande. — Bødelhender er det, tigerklør. Ve! Ve! Du skal ikkje døy, eller sovna inn. Til rettarstaden er din heimgong. Å gi opp di ånd mellom bødler er døden din. Kvifor vrir du hendene og riv håret av deg? Kvifor ser du så stift og frykteleg fram for deg? Kva betyr dei kalde dropar som renn frå panna di? Er det sorg etter Gud? Menneske, angrar du? Ja. det er nok ein slags anger, men det er ingen

brann som Gud ennå vil berge frå logane. Det er ein slik anger som Djævelen i skrekkeleg skadefryd virker i hjertene til dei som tener han. Det er Judas anger, Akabs og Kains anger. Det er angst for helvete uten tru, syndenød uten bedrøvelse etter Gud. Og der er skrekk for domen uten kjærleik til Jesus. Du gyser for vredens eld, for æva. Men har inga von om utløysing. Der er ingen trang til bøn, inkje frimod til å gå fram for nådens truna, fly bort til den krossfeste : «Hjelp meg, hjelp meg!»

Kven kan hjelpa deg, du ulukkelege. Me forkynnte for deg, men du skyna det ikkje. Me viste deg til lammet sitt blod, men du rista berre på hovudet. Me sa deg Jesu namn, du berre skalv. Me ville be for deg, men fekk det ikkje til. Ikkje kunne me tala med deg meir, vårt åndedrett svikta oss. Våre kne stivna. Ja det var som armane våre vart haldne att, som om dei ikkje skulle loftast i veret for deg. For eit frykteleg teikn !

Etter kvart tek du til å bli sanselaus. Auga brest. Det blir mørkt. Øyra ditt får ikkje tak i lyd. Verda har lukka seg bak deg. Nå er du åleine. Åleine med dine synder, din angst og din skrekk. Du ser ikkje lenger augo som gret ved di seng, du høyrer ingen som talar til deg som ein venn. Store Gud, kva er dette for ei frykteleg forlathethet, for ei gyseleg einsemd i den svarte, lumre døds-sky ! — Du kjenner at du har selskap, men det er ikkje englar eller gode ånder. Du høyrer korleis det kviskrar omkring deg. — Din lekam skjelv. Det hvislar som hoggor-mar fulle med gifttener. Det lyder eit bråk som ein hylande hånlatter. — Nå tek du til å ane med skrekk, kva for hender du er komen i — til kven du er forådt og seld. — Pulsen din tek til å stogga, og du andar i din siste pust med ein rallen. Hjarta ditt brest i døden, og med eit frykteleg skrik fer sjela di bort frå lekamen.

N åser du kvar du er komen — du ser ånder. For noken forferdelege andlet, fordreid-

de av vondskap og synd. Dei stirrer deg i møte frå alle kantar, og synest å fryde seg over din nød og angst. Nå kan du ikkje lenger skjule det for deg sjølv, du berre skjelv og bever. I Djævelens hender er du komen, du ulukkelege, på veg til helvete. Der står du nå, og sver med hyl ditt forferdelege fylgle. Du tenkjer vel at ein gong må dei sleppe meg, at du ennå får fara attende til jorda og lekamen. Svaret er : *Aldri meir!* Som ein tiggjar ligg du på kne for dei og tiggjar om det, men dei berre ler åt deg. Du kysser dei forbanna sine føter, og tenkjer at dei må vel ennå ein gong gi deg fri. Men dei spottar og ler åt din klage. Du skjeller dei ut. Kaller dei hunder, fordervere, løgnere og bedragere. Med ei forferdeleg, iskald ro spør dei deg : «Kvífor har du hengt etter oss, og fylgt våre faner. Du kunne vel gått til korset ! Men nå får du gå din veg tilende». Det lyder ein hard kommando : Framover med deg . Di forferdelege reise går vidare.

Kvar er du nå? Verda di er øydelagd. Gud fornyar den ikkje. Alt omkring deg er svart og øyde som i ein ørken. Det er stille som i grava, mørkt som ei lukka hole i fjellet. — Du ser ingen blå himmel meir, og inga stjerner lyser i mørke. Det ber nedover frå klft til klft, frå djup til djup, gjennom ville og aude holvegger. Det er stille og tyst omkring deg, men stilla er full no og då. — Bak deg høyrer du som ein torden av luker og portar som ramlar igjen. Du ser ingen veg attende. Vidare og meir øyde vert landskapet. Lufta meir varm og lummer. Sjeleangsten din veks seg større og større.

Men hør dei tonar som lyder langt borte frå. Det er skrik som lyder som om hjarta blir rive ut av ditt bryst. Det er skrika frå dei som er kasta i den evige pina. Det er skrik og tenners gnidsel, slik som Frelsaren tala om her på jorda. Snart er du framme ved pinestaden.

Nå møter du oftare nokon, men for nokre skapningar ! Den eine er meir forferdeleg enn

den andre. I alle andlet ser du fortvilelse og raseri. Alle forbannar seg sjølv, og frå deira munn flyt spott. Store Gud ! Kva slag stad er dette? For ein dødtsstad.

Høyrer du den endelause jammeren. Det styn som i vonlaus angst. Ein klynk og klage som kunne smelta stein. Det er jammeren og skrika frå dei fordømde du høyrer! Ingen tek ut or deira marg den orm som aldri dør, og ingen kastar i vatn den eld som aldri sloknar. Sjå, dei jagar fram som ei sky om natta. Dei vrir sine hender og ropar: *Gjer oss til inkjes!* Men nå ropar dei forgjeves.

Der er Judas, svikaren. Kain, som drap bror sin, og Nero, blodhunden.

Her er Gudsfornektarar og spottarar. Slike som sådde løgna sin sæd i åkeren, så det vokser opp giftige frukter mellom Guds folke. Egenrettferdige, som avviste Guds rettferd, trødte Guds son under føter, og svivyrde nådens Ande mens dei var på jorda.

Slik selskap er det du nå har fått. Men her har ingen medynk med kvarandre. Kvar og ein har nok med si eiga pine. — Kvart hjarta er som stein. Men der er ingen stein som knuser pinslene dei sukkar over. Når du ser disse ulukkelege, kjem også Belias bekker over deg. Det kjem ei stor naud over deg. Den verste vanlagnad du kjende på jorda, er for inkje å rekna mot dette. For ei elendigheit, for ein namnlaus jammer. Inga hjelp er å finne. Ikkje lenger noko offer for syndarar. I staden for medynk, berre hånlått. I staden for trøyst, dette djevelske flir: «Det er di eiga skuld.»

Nei kjærleiken bur ikkje her. Heller ikkje vona går gjennom disse netter. Inga klokka slår i tårnet, så du kan seia: Gud vere lova, ennå ein time er forbi. Her fylgjer ingen morgenrode på ei skrekvens natt. Då kunne du jo tenkt: I dag vert sikkert allting betre. Her møter den eine fordømde den andre, og spør av fortvilelse: Kva er klokka? Svaret er dette: Her er inga tid, berre den forferde lege æva — alltid det same. Her er berre

eit kjempeur, med ein perpendikkel som brummar: Alltid - aldri. *Alltid fordøming aldri forløsning.* Nå synes du vel jorda var som et paradis, trass i alt det vonde og den sorg der var. Liknar du jorda med den busstaden du er i nå, er jorda som ein himmelsk forgard for sjela di.

Der tona ennå Guds Fadernamn. Kvar helst du vende deg, så lydde det og lyste oss i møte. Der var sola som sto opp kvar morgon — kvar kveld dei fredfulle natteskuggar, som breidde seg over dei trøytte. Dei turre marker fekk regn, og i hagar og på åkrar frukt og grøda. Alt der vitna ennå om vensemnd og forbarming. Her skal aldri slike ord lyde. Ja, om du så var i jorda sin mest ville og øde ørken, så var der kanske eit ramnereir. Og Herren metter ramnen sine ungar der. Du såg ein blom ved foten av fjellet, der det blinka dogg på blada. Eller ein fugl som flyg. Den sår ikkje, samlar ikkje i løda, me nhar likevel i overflod og syng sin glade lovsang. Ei svale syng i lufta. Veg og sti kjenner den ikkje, men reiser rett til sin fatige heim. Ein som den ikkje kjenner, dreg og leider den. Den almektige sitt Fadernamn kjem for øyra som med englestemer. Midt i verda sin ørken står det skrive at på jorda bur ennå kjærleiken. Der den herskar med barmhjertighet. Den som er i fordøminga høyrer ikkje om slikt meir.

Her er ingen ting å lese om Guds fadernamn. Kvar skulle det stå skrive? På mørkets lenker, som aldri brest? I pina sin røyk og damp, som etter ordet stig opp frå æva og til æva? Eller i pina sin eld, som strumar av angers tårer aldri kan sløkkja? Men i forbannelsens hyl, som aldri skal bli bønhøyrt? Å Gud, i helvete står på alle veggjer og i alle hjerter berre dette eine skrive, i all æva berre dette eine: «Vår Gud er ein forterande eld» !

Skal du oppleve innhaldet av disse fryktelege orda? Då ville du seia med glederop: Tenk om eg hadde hørt på dei orda som blei

ropt til meg på jorda : *Forlik deg nå med Gud.*
— Om eg ennå ein gong kunne få høyra dei!
Tenk om eg ennå ein gong kunne få velja mellom velsigninga og forbanninga.

Men nå er forbanninga din evige arvedel. Ingen Gud bryr seg meir om deg. Frelsaren spor ikkje lenger etter deg. Inga nådens dør vert lukka opp for deg, og utgangen frå synda og døden er lukka for alle tider. Ikkje berre for tusen år, men *for alltid*.

Store Gud, kva for eit bilet er dette, så manlikna med det me gledde oss over til å begynna med. Då var det vondt for oss at me laut fara attende til tårene sin dal frå den lysande stad i lag med Elias eldvognar. Der var me i ånden saman med den triumferande profeten. Men nå ville me jubla for å få lov til å venda attende til jorda. *Der står nådens dør ennå åpen for oss.*

Her på jorda høyrer me ennå Guds røyst, og ikkje dei fordømde og djævelens røyst. Gud kallar til omvending. Enno ser me den opne frelsarfamnen som vil ta imot oss, i staden for fortapinga sine eldslogar.

Men alt har si tid og stund. Arbeid på dykker frelse med frykt og beven, for Gud er det som verkar i dykk både å ville og virke etter sitt velbehag.

Kyss Sonen så han ikkje vert vred, og de ikkje må koma bort på veger. Hans vrede ska Isnart verta tent. Vår pilgrimslop sluttar ved eit av to : Ein himmelfart eller ein helvetesfart ! Her finst ikkje noko tredje alternativ.

Å du Guds lam forbarm deg over oss ! — Forbarm deg over oss Jesus, Jesus !

Innsendt av Josef Nilsen.

Me les sendebreva. III.

Av Gudm. Hjorthaug

Brevet til Smyrna (Openb. 2, 8-11)

Martyrforsamlinga, blir denne forsamlinga kalla mellom disse sju me høyrer om i sendebreva. Ser du etter på kartet bak i Bibelen din vil du finna Smyrna ikkje langt frå Efesus. Kristenflokkene i denne byen har hatt trengsler og forflyging ned gjennom alle tider. Så seint som i 1922 utsletta Tyrkarane halvdelen av folket i byen. — Likevel er der nå ein by med ca. 150 000 menneske der, og 2/3 av dei er vedkjennande kristne. (Isnes, Mellom lysestakane).

Han som sender brevet nemner seg som «den første og den siste», d.v.s. den som er Gud og skapar, han som har all makt i himmel og på jord. Ja, «han som var død og har vorte levande», som er prøvd i dei største trengsler og kan derfor forstå oss og

koma oss til hjelp i vår trengsla. (v. 8 og Hebr. 4, 15).

Bodskapen.

Bodskapen i dette brevet tek til i vers 9, «Eg veit om trengsla di og fatigdomen din». Trengsla og fatigdom høyrer normalt til i alt sant kristenliv. Det gløymer me ofte, men Herren minner om det i ordet sitt. Han seier at dei som er fatige i Ånda er *salige*, og at dei som blir forflygde for Jesu skuld skal glede seg (Matt. 5, 10—11). Vidare at det må vera slik, fordi Guds ånd som bur i oss og verda si ånd, er så absolute motsetningar som Gud og Satan (sjå Johs. 16, 33 og 2. Timot. 3, 12). Denne strid er endåtil eit kjennemerke på at me er Guds barn (1. Johs. 3, 2)

Men noken av sine set Herren på ein sers

utsett plass i denne striden. Slik var det med forstandaren og forsamlinga i Smyrna. Fatigdomen kan godt henda tyder vanskelege timelege kår. Rimeleg er det og at dei åndelege gavene og den ytre framgangen var små — i alle fall samanlikna med Efesus, med fleirtalet av hedningar eller med den jødiske synagoga. Og derfor så hagla spottorda over dei, og alle tykte dei kunne forakta dei. Derfor var det lettare for makthavarane å brukha både fengsel, tortur og dødsdom på dei. Me veit at her måtte den 86 år gamle biskop Polykarp gå på bålet for si tru, fordi han ikkje kunne fornekta Jesus.

Også i vår tid må mange kristne lida for si tru, like mykje som dei første kristne, ja, kan henda endå meir. I breidd har me i vår tid ei mykje større kristenforfylging over store deler av verda, enn dei første kristne hadde. Som døme på det kan me berre nemna dei kristne i Russland, Kina og mange andre land, der dei lyt lida mykje for si tru. Må må dagleg minnast dei i våre bøner til Gud.

I vårt land gror og hatet mot all levande kristendom. Her og kan me møta motstand, hån og forfylging fordi ein vil vera tru mot Guds ord. Og kanskje er heller ikkje den tida så langt borte, då kåra blir dei same for oss som våre kristne brør i andre land er nå.

Men møter me trengsla, motstand og hån, då må me prøva oss sjølve om det verkeleg er for Kristi skuld me lid, og ikkje fordi me

er likesæle i vårt kristenliv eller vanskelege i vårt samliv med andre menneske. Er det siste årsaka, då lid me for vår eiga skuld. Heller ikkje må me klaga i aust og vest over det me måtte møta av motstand og trengsel. Då ligg det nær og sjølv hausta den æra som åleine tilkjem Kristus, han som vender alt til signing for sine, når me set all vår lit til han åleine. Den som gjer seg sjølv til martyr taper løna si, på same måte som farisearane gjorde på Jesu tid. Til alle sine som lid tolmodig, og aller mest til dei som lyt lida i fatigdom og trengsel på særvis, kjem Herren med si trøyst,

Men du er rik.

Kva er denne rikdomen, og kvifor er dei rik? Jau, rikdomen er alt det som Jesus har vunne for syndaren ved sitt soningsverk. *Det eig me som trur!* Hans soning, er vår soning. Hans rettferd. er vår rettferd. Hans siger, er vår siger. Og hans himmelheim, er vår heim.

Han set si grense for trengsla, alt etter som han ser det tenleg. Han er med gjennom alt det som møter oss (Esa. 43. 1-2). Til sist vert livsens kruna vår gjennom all æva.

Men rikdomen kjem ikkje automatisk til nokon. Den som høyrer det Høllen talar, og som i truskap gir ordet rom i hjarta og liv, han får erfara rikdomen alt her — og til sist heime hjå Gud. Må Gud gi oss nåde til dette dag for dag.

For alle som vert drivne av Guds Ande dei er Guds born

(Rom. 8, 14)

Der har me Guds barneflokk på jorda. Berre dei som har Guds Ande i hjarta, som Herre og drivkraft i livet, er Guds bord. Ingen fleire og ikkje færre.

Det kan nok tenkjast at der er dei som vil protestera mot dette. Du går nok med på

at dei som vert drivne av Anden er Guds born men Gud er ikkje så einsynt at berre dei er Guds born. Gud har nok også andre som er Guds barn, og lever med Gud.

Då vil eg spyrja deg om du nokon stad i Bibelen har funne eit ord som fortel at den som ikkje har Guds Ande er Guds barn? Nei,

Ordet seier at dei som er slike at dei let kjøtet råda, dei trår etter det som høyrer kjøtet til (Rom. 8, 5). Slike ting som verdsleg og «kristeleg» æra, fornøyelse, høg levestandard og dei ting som høyrer verda til osv. Og då er ingen i tvil om at slike er verda sine barn, og ikkje Guds barn.

Men kjøtet kan også rå på det kristelege område. Då søker eit menneske si eiga æra og anseelse, eller brukar kjøtlege midlar for å fremma Guds rike.

Det andre er lova, og lova si ånd.

Er det den som lever og rår i hjarta ditt, og er drivkrafta i livet, då stirr du for deg sjølv, eller med deg sjølv, og krinsar ikring din eigen person. Då er det treldomens ånd, frykta som er drivkrafta, og ikkje kjærleiken til Gud, Ordet, Jesus og evangeliet. Evangeliet er du redd, det er den lette veg, den usle mat, det er fárleg for det gjer folk lett-sindige. Eller det er lett åtru, det veit du, men du vil få høyra kva du skal gjera for å bli frelst, finna kvile, eller for å koma lenger og leva eit betre liv som kristen.

Den som lever her, kallar Bibelen for egenrettferdig, og dei er ikkje frelst og lever som Guds barn.» Dei som er i kjøtet, kan ikkje tekjast Gud» (Rom. 8, 8).

Dei som blir drivne av Gud Ande.

Dei trår etter det som høyrer Anden til (Rom. 8, 55). Dei let Anden sjå si synd, og fører til sorg og anger over synda, til å lengta bort frå synda. Ved dette driv Anden dei til Kristus, han som tilgir synd og reinsar frå urettferd ved sitt blod. Då vil Anden openberra Kristus og hans forsoning for hjarta ditt, utløysinga i Kristus Jesus. Der Anden er drivkrafta i livet, der er det kjærleiken som driv deg. Kjærleiken til Jesus, til evangeliet, til dine medmenenske.

Kven er så drivkrafta i ditt liv? Det er det som avgjer om du er verda sitt barn, lova sitt barn, eller Guds barn — løftets barn, som blir rekna til ætta og har barnerett og arverett hjå Gud.

her talar Guds ord klart, «Men de er ikkje i kjøtet, men i Anden, so fram! Guds Ande bur i dykk. Men er det nokon som ikkje har Kristi Ande, so høyrer han ikkje honom til!» (Rom. 8, 9). Me ser også at då apostlane møtte nokon som var komen til trua på Jesus, så spurde dei, «Fekk de den heilage Ande då de kom til trua» (Ap.gj. 19, 1-2).

Tida sin store føre er kristen forkynning og kristendom, utan den Heilage Ande, for dei er utanfor livet i Gud og barnekåret. William Booth, Frelsesarmeens sin grunnleggjar, blei ein gong spurd om kva som var tida sin største føre. Då svara han, «Religion uten den Hellige Ånd, kristendom uten Kristus, frelse uten gjenfødsel, omvendelse uten sinnsforandring, politikk uten Gud, himmel uten helvede». Det var i sanning eit sant og uhyggeleg bilet av vår tid. Det menneske og det folk som lever slik, dei lever midt i det store fråfallet som Guds ord har varsla om. Land, Land, høy Herrens ord! Høy Andens tale til menigheten! Vender du ikkje om, så kjem eg over deg, og vil flytte lysestaken din i frå sin stad. Der blir mørkt i det folk der Anden, Lyset og lysestaken er borte.

Der er berre tre makter som kan vera drivkrafta i eit menneske sit hjarta og liv.

Den første er kjøtet.

Synda som bur i vårt kjøt, eller vår natur. Der kjøtet er drivkraft, der er det verda og denne verda sin første som rår. Guds ord talar om dette, «De som var døde ved dykar misgjerningar og synder, som de ferdast i etter tidarfaret i denne verda, etter hovdin-gen yver maktene i lufta, den åndi som no verkar i borni åt vantrui, og millom dei ferdast og me alle fordom i vårt kjøts lyster, med di me gjorde det som kjøtet og tankane ville, og var av naturen vredens born liksom dei andre». (Efes. 2, 1 - fg.)